



Rauland Historielag

Adresse: 3864 RAULAND
Bankgiro: 2620.27.18204
Org.nr 988 712 426
E-post: mail@raulandhistorielag.no

Rauland, den 26. feb. 2019.

Årsmelding for 2018

Styret har hatt fylgjande samansetting dette året:

Leiar	Birger Kjellingveit
Nestleiar	Gunn Gardsjord
Skrivar	
Kasserar	Øyvind Solbakken
Bokansvarleg	Reidar Bitubekk
Styremedlem	Solveig Loftsgarden Tore Tjønn
Varamedlemmer	Ingrid Skjøtskift Jorunn Hestmann (fungert som skrivar)
Valnemnd	Halvor Vasshus Torunn Dagalid Rune Skinnarland
Revisorar	Toril Nicolaisen Sigrid Nykos

Arbeid i laget.

Dette året har styret hatt ni møte. Temakveldane går svært godt med stort oppmøte. Medlemstalet i laget er nokså stabilt. Laget har i 2018 hatt 136 medlemmer.

Temagrupper

Denne gruppa har siste året hatt fem aktive medlemmer: Asbjørn Gardsjord (leiar), Torunn Dagali, Kari Halsten, Sindre Hestdalen og Olav Nystog.

Gruppa har arrangert temakveldar med lokalhistoriske emne, og gjennom året 2018 blei det til saman seks opne kveldsmøte:

- 16.01.18 Gamlevegen Dalen - Odda over Haukelifjell ved Ragnvald Christenson
- 20.02.18 Møsstrand på 1800-talet ved Pål G. Thorud
- 27.03.18 Jern, jakt og fangst i mellomalderen ved Kjetil Loftsgarden
- 20.09.18 Fjellbygda Rauland på 1950 – 60 – talet, ved Arild Holt Jensen
- 19.10.18 Geologien i Vinje ved Ellen Sigmond
- 22.11.18 Krotingar på låve og vegg ved Åsta Kostveit

Temakveldane er på Raulandsakademiet i Vesaas-salen. Det har vore godt frammøte, mellom 40 - 70 pr. gong. Inngangspengar kr 100, inkl. servering av kaffe og kake, har medført eit lite

underskot. Ein har difor frå 2018 auka prisen for ikkje-medlemmer til kr 150,-, medan medlemmene framleis betaler kr 100,-.

Eldrefest

Dette året var det Rauland si oppgåve å arrangere eldrefest. Det var historielaget og Rauland Sanitetslag som stod for arrangementet. Festi vart avvikla på Raulandshuset i storsalen med kjøttsuppe frå Raulandstoga. Kvartetten til Arnfinn Øverland spela til dans.

Andre Bjerke kveld.

Vilde Bjerke, dotter til Andre Bjerke, heldt eit foredrag om ei reise i diktinga til Andre Bjerke. Dette var ein samarbeid med Viser og Dikt og Folkeakademiet. Kvelden var i slutten av januar.

Lokalhistorisk arkiv på Raulandsakademiet.

Historielaget har delteke med nokre personar dei fleste måndagane.

Frå hausten 2017 har Vinje Kommune engasjert Juan Gutierrez som arkivar to gonger for månaden, og dette har stort sett halde ved lag i 2018.

Årsmøte støtta eit framlegg frå Olav Nystog om å prøve å få til ein større aktivitet i arkivet.

Støtte til tur for elevar ved Rauland skule og Åsta Ø. Kostveit for bok.

Laget har som tidlegare år ytt kr 6 000 til tur for elevar til konsentrasjonsleiren i Auschwitz. Dette er eit opplegg i undervisninga for elevane ved Rauland skule.

Åsta Ø. Kostveit søkte om stønad til ei bok om *Krotingar på låve og vegg*. Laget støtta boka med kr 10 000.

Turprogram.

Turprogrammet dette året blei to forsøk. Ein tur til Skien i lag med Ytre Vinje Pensjonistlag 4. juni og ein til Mjøstraktene 15. – 18. august i lag med Rauland Sanitetslag

I Skien hadde me middag i Brekkeparken der me møtte styret i Skien Historielag. Som takk for at laget tok i mot Skien Historielag i des. 2017, fekk me utruleg mange bøker som dei hadde gjeitt ut. Det blei ei tung bær ut att i bussen for leiaren med bøkene.

Olsokvandring 29. juli 2018:

Som vanleg var dette eit samarbeid med soknerådet. Laget står for vandringa på kyrkjegarden medan soknerådet syter for olsokgrauten. Messa inne i kyrkja er etter vandring på kyrkjegarden, men før grauten, helst ute på kyrkjebakken om veret tillet det.

Me stogga ved desse gravene i år;

- Ingebjørg og Knut Vegheim, ved Olav Nystog
- Rikard Flatastøyl, ved Torgeir Seltveit
- Bjørn T. Vaa ved Solveig Loftsgarden
- Tarjei Juvland (søndre) og Eivind E. Øygarden ved Ingrid Skjøtskift
- Sveinung Sørensson ved Gunn Gardsjord

Ingrid Skjøtskift las dikt og Arne Øygarden spila før me gjekk inni kyrkja etter vandringa på kyrkjegarden.

Kulturminnedagen

Historielaget deltok i lag med Norsk Industrierbeidarmuseum (NIA), der tema var **Typisk norsk – ikkje bare norsk**. NIA ville fokusere på gardane langs Møsvatn som var demt ned,

og dette var historielaget med på. Opplegget var ein tur med Fjellvåken 6. sep. inn til Liset og attende rundt Kråmøyi til Skinnarbu med Olav Nystog som turorienterar. Veret var ikkje det beste med regn og skodde, men Olav Nystog orienterte fint om stadane/gardane rundt Møsvatn

Årsskrift 2018.

Dette året blei det årsskrift. Skriftstyret var tre personar, som også skreiv, Asbjørn Gardsjord, Johan Vaa og Alf Seltveit. I tillegg var det innlegg frå Gunn Gardsjord, Kirsti Camerer og Pål G. Thorud. Boka har selt relativt bra så langt.

Boksalet i 2018.

Salet av bøker går jamt og trutt på dei ulike salgsstadane som er: Spar Rauland, Rauland Servicesenter (Esso), Vinjebue, HaukelitUNET, Nærbutikken i Åmotsdal, Kviteseid Bok og Papir, Ark Bokhandel Seljord og Akademika Bø.

Det er også høve til å bestille bøker ved å sende post til Rauland Historielag eller e-post til birgerkj@gmail.com

Historielagskopp.

Laget arbeider med å få til ein kopp med namnet til laget og logoen. Likeins kan ein tenkje seg fylgjande ordtak på koppen: *Tek vare på fortida for framtida*. Denne kan både bli ein salgsartikkel og ein gåveartikkel.

Laget på nettet.

Heimesida til laget heiter *Rauland Historielag*, og ho fungerer. Leiaren vil også påstå at sida stort sett er oppdatert. Me ser aktiviteten på sida, og den er ikkje dårleg. Enkelte dagar kan det vere opp mot 60 som er innom.

For medlemmene er det lurt å fylgje med på denne sida. Her skal all informasjon frå laget stå. På Facebook går det like bra. Her er det Ingrid Skjøtskift som styrer.

Økonomien i laget

Økonomien i laget er brukbar. Men me bør heile tida tenkje økonomi. Det er salg av bøkene som danner grunnlaget for økonomien vår. Finn me aktuelle emne som interesserer, går bøkene unna.

Laget skal bruke pengar på gode tiltak. Men økonomisk ryggrad er også godt å ha. Då kan ein gå i gang med prosjekt som truleg ikkje vil gjeva økonomisk utteljing, men som likevel er viktige for bygdesamfunnet vårt. Dette meiner ein laget har gjort til no. Laget er alltid ope for nye tankar og idear til prosjekt ein bør ta tak i framover.

Takk for året som gjekk

Som leiar vil eg takke for eit godt år i laget, alle styremedlemmene, medlemmene i laget, folk generelt i Rauland og Vinje kommune v/kultureininga. Det er svært ofte hjelp og god velvilje å få. Det er sjeldan medlemmer i styret eller redaksjonskomitèen får negative svar på bøn om bistand. Slik blir det triveleg å arbeide i laget, og det gjev ei god kjensle av at mange set pris på det arbeidet me gjer for bygdemiljøet.

Birger Kjellingveit.